

Referat frå programrådsmøte 9.10.2014

Tid: Torsdag 9.10.2014, kl. 09.15 – 11.30

Sted: Møterom 424, 4. etg. Niels Treschows hus

Til stades: Norunn Heger, Nina Maria Rud, Siri Heslien, Magne Rønningen, Finn Erhard Johannessen, Henrik Askjer, John McNicol, Miriam Finset Ingvaldsen.

Sekretær for programrådet: Miriam Finset Ingvaldsen

- a)** Innkallinga og sakslista vart godkjend.
- b)** Referatet frå programrådsmøtet 6.3.2014 vart godkjend.

Orienteringssaker

1) Periodiske emneevalueringar

Programleiar John McNicol gjekk gjennom dei periodiske emneevalueringane for våren 2014.

I gjennomgangen av HIS4040 - skriveseminar forklarte emneansvarleg Finn Erhard Johannessen at det faglege innhaldet vart godt motteke av studentane og at tilbakemeldingane på emnet var gode, problemet låg i den svake studentdeltakinga. Johannessen fortalte vidare at førre semester var studentengasjementet større. Han ville derfor ikkje endre opplegg på grunnlag av mindre studentengasjement då dette ser ut til å svinge med kvart kull, og han tvilte på at det ville hjelpe å krevje meir obligatorisk oppmøte. Studentrepresentant Norunn Heger sa seg einig i dette, og at meir obligatorisk frammøte ikkje tilsvara betre førebudde studentar.

Neste emne var HIS2112/HIS4112 - Imperium Romanum. Årsak, forløp, virkning. Johannessen syntest det var positivt å sjå at emnet var så populært. Dette har betydning både faglig og økonomisk. Talet på studentar som tok eksamen er høgt, og mange av dei som tek emnet hører ikkje til historieprogramma, men er gjerne frå internasjonale studiar eller europastudiar. Studiekonsulent Nina Maria Rud meinte at det hadde vore interessant og sett kor mange studentar som faktisk kunne ha teke emnet dersom det vart opna opp for fleire plassar.

Neste evaluering gjaldt emnet HIS4060 – kvantitativ tenkning i historiefaget. Dette emnet er heilt nyoppstarta, og då følgjer det gjerne med nokre startvanskar. Programleiar McNicol meinte at det var noko tynt om ein berre skulle føre ei form for Excel- eller Accesskurs i eit slikt emne. Meir historieforsking gjennom kvantitativ metode må verte presentert for at studentane skulle kunne sjå relevansen i faget. Heger – som sjølv tok emnet våren 2014 – fortalte at artiklar vart lagt ut i Fronter fortløpende gjennom semesteret, men spurte om det ikkje hadde vore betre dersom desse vart samla i eit kompendium. Studentane var stort sett nøgde med emnet, og at det er nokre oppstartsproblem vil kunne betrast når ein veit meir korleis ein best mogleg kan undervise i digitale verktøy utan at studentane vert passive aktørar.

Det var få kommentarar til emnet HIS2014/HIS4014 - Arven fra Napoleon: Norden og Europa mellom reform og restaurasjon 1800–1850. Det er eit populært emne som heilt gjennomtenkt vart undervist i høve jubileumsåret 2014.

Det siste emnet programrådet gjekk gjennom var HIS4011 - Philosophy and methodology of history. Programleiaren forklarte at emnet er den engelske versjonen av HIS4010 - Historiske grunnlagsproblemer: teori og historiografi. Det er særskilt retta mot studentar som går på Peace and Conflict Studies (PECOS). McNicol informerte vidare at ein i oppstarten av PECOS-programmet hadde lita tru på at det ville vere interesse for historievarianten og at det var statsvitenskap som ville trekke til seg flest studentar, men denne utviklinga ser ut til å snu. Studieleiar Magne Rønningen fortalte at det heilt fram til i haust har vore få søkerar på historieretninga, men at det hausten 2014 hadde auka betydeleg og var oppe i 11 studentar. Mange av desse var internasjonale studentar. Dette var ei overraskande og syner ei positiv utvikling. McNicol meinte at dette kunne vere eit resultat av eit meir synleg IAKH, blant anna at den nye nobeldirektøren Olav Njølstad er utdanna historikar. Rud meinte at det kanskje også var gjennom god reklamering for studiet, blant anna ved Høgskolen i Lillehammer, at ein fekk betre oppslutning. Johannessen meinte at det er til bekymring at studentane ikkje oppfatta emnet HIS4011 som særskilt relevant for eige masterprosjekt. Rud meinte at det kan vere klokeleg å gå gjennom emnetittel og emneskildring, samt gjere ei vurdering av pensum. For mange studentar kan det kanskje opplevast forvirrande at historie er så sentralt omtalt i eit emne der mange studentar skriv ein meir samtidsretta og samfunnsvitskapleg masteroppgåve. McNicol fortalte at det ville bli gjort ein gjennomgang av emnet. Rud meinte at dette ikkje berre gjelder HIS4011, men like fullt HIS4010. For mange studentar er det vanskeleg å sjå relevansen av emnet.

2) Inndratte studierettar på historieprogramma 2014

Programkonsulent Miriam Finset Ingvaldsen fortalte kort om kva det vil seie å få inndratt studieretten som student. McNicol orienterte om tala for 2014. Framleis er det mange som mistar studieretten sin. Av alle påbyrja studentar på bachelorprogrammet i historie, fullfører berre halvparten av dei graden. McNicol fortalte vidare at tala for inndratte studierettar skulle ha vore noko annleis, sidan denne statistikken også fangar opp studentar som ikkje i det heile har starta på studiane: Ikkje har dei meldt seg opp i emne, ei heller betalt semesteravgift. Dette fråfallet er det ikkje mogleg å gjere noko med uansett kva for tiltak ein sett inn. Det same gjeld studentar som har byrja på eit nytt program, dei har jo eigentleg ikkje falle frå, men bytta studiar. Ingen av desse to gruppene bør vere med i fråfallsstatistikken. McNicol fortalte vidare at instituttleiar Førland hadde prøvd å gjere noko med dette tidlegare, men at det ikkje vart funne fram til ei god løysning då. Mykje handlar om at det er same praksis for dette for heile universitetet.

3) Gjennomgang av tala frå opptaket til masterprogrammet hausten 2014

Programleiari orienterte kort om opptakstala. Talet på masterplassar har stege frå 90 til 95, og desse plassane vert fordelt mellom haust og vår, slik som tidlegare. Vidare kommenterte McNicol at opptaket for hausten var likt som ved tidlegare opptak, men at det framleis var for få studentar som byrja på programmet. Denne hausten var det heller ikkje nokon lektorstudentar som byrja. Dette har ikkje skjedd tidlegare. Vidare er kvinneandelen framleis for låg, men McNicol meinte at det vert spennande å sjå om Kvinnegruppa Ottar Dahl og den måten gruppa har skapt meir liv og rørsle i studentmiljøet kan ha ein verknad i framtida. Om

rekrutteringsfilmen frå våren 2014 kan gjere ein skilnad er elles vanskeleg å seie noko om. Ingvaldsen kommenterte at det er overraskande at fleire studentar med lågt snitt får opptak på masterprogrammet, og at det er noko uheldig at snitt på 62,5 vektast opp til 63. McNicol meinte at dette får ein ikkje gjort noko med, då dette er reglementet for heile universitetet. Det låge karaktersnittet for kullet som leverte masteroppgåva våren 2014 er også noko ein bør ta til ettertanke, meinte Ingvaldsen. McNicol trudde at fleire studentar leverer til normert tid, og at studielånet spelar ein sentral rolle i dette valet. Johannessen fortalte at vitskapleg tilsette vil at studentane heller skal leve til normert tid framfor å betre kvaliteten på oppgåva ved å nytte eit ekstra semester til skrivinga. Heger trudde at mange av dei som eigentleg skulle leve til våren 2014 søkte om utsetting, og at det derfor vil verte spennande å sjå kva resultata vert denne hausten. Rud meinte at det det tidlegare hadde vore eit unormalt høgt snitt, og at det kanskje var meir reelt no. McNicol meinte at ein burde kunne finne ut om studentar med eit ekstra semester eller to oppnår betre karakter enn dei som fullfører på normert tid.

4) Omorganisering av instituttet. Endringar av programrådet

McNicol orienterte om at instituttet er i ferd med å gjere omorganiseringar, og at det i nærmaste framtid vert arrangert ein instituttkonferanse der dette vil vere hovudtema. Då ingen ting er avgjort enda, er det derfor usikkert korleis omorganisering vil verte, men at det vil skje endringar er det liten tvil om. I høve dette vil programrådet også oppleve ei endring, og vil i større grad vere rådgivande og delta meir i studieplanlegging. Forskningsgrupper som instituttet har i dag vil verte omgjort til faggrupper med fire–åtte vitskapleg tilsette. Desse gruppene skal vere delt inn etter ulike historiske tidsperiodar. Undervisningsleiaren vil forsvinne, og ein vil få programleiar samt éin faggruppeleiar per faggruppe. Faggruppeleiarane skal delta på programrådsmøta, og ein av desse vil verte leiar av programrådet. Tanken for programrådet er at det skal verte meir aktivt, og inneha meir ansvar og vere meir sentral i undervisningsplanlegginga. Dette samanlikna med tidlegare då programrådet stort sett hadde møte etter at undervisninga for neste semester var fastsett. Eksamenskonsulent Siri Heslien håpa at det vert rom for administrasjonen å kome med innspel til endringane, Magne Rønningen svarte at det vil vere ein moglegheit å spele inn synspunkt og idear. Heger lurte på om det er ei slik organisering ein finn ved dei andre institutta på HF, McNicol svara at det er ulik praksis ved dei fleste institutta. McNicol la vidare vekt på at ingen ting var fastsett enda, og at ein framleis var i utarbeidsfasen av omorganiseringa. Heger informerte elles om at det er Nora Birkeland og Jonas Finnanger som vil vere studentrepresentantane ved instituttkonferanse.

5) Studentane har ordet

Studentane hadde ingen saker til orientering. Norunn Heger fortalte at det har vore ein del utskifting både i HSF og i tidsskriftet *Fortid*. Gjennom våren 2014 var det vanskeleg å få med nye medlemmar, men fleire har kome til i løpet av hausten, og at det no hadde stabilisert seg.

Diskusjonssaker

6/14 Utkast til undervisningsplanen våren 2015

Programleiar informerte om arbeidet med undervisningsplanen og at dette var eit utkast. Rønningen meinte at det er mange nye og interessante emne som vil verte undervist til våren samt nokre emne som har vore borte ei tid, men som no er tilbake. Det vart kommentert at det

er få realhistoriske emne for mastergradstudentar, og at dei ofte tek heisemne. McNicol kommenterte at det ville verte prøvd å gi eit tilbod om slike emne, men at dette ikkje vil verte fastsett til våren. Eit slikt tilbod syntest Heger var positivt og meinte at dette ville verte godt motteke blant fleire av studentane.

7/14 Fråfall frå studiane

McNicol informerte om kva for tiltak ein ønskja å sette i gong for å kunne hindre fråfall frå studiane. Mentorordninga som varte i to år vart – som kjent – avvikla i fjor, då ho blant anna ikkje hadde nådd riktig målgruppe. Ein ønskja å nå dei som fall frå, gjerne etter eit par forelesingar, men mentorordninga enda raskt opp med å fange opp dei sterkeste og mest engasjerte studentane. Ein har derfor nye tiltak på gong, for å sjå om ein får til å fange opp dei ein faktisk vil nå. Det har vorte satt ned ei prosjektgruppe med oppstart 20. oktober. Denne gruppa vil bestå av ein representant frå Gruppe for digitale medier i lærings (DML), programleiar ved lektorprogrammet, undervisningsleiar McNicol, studieleiar Rønningen og to studentrepresentantar. Nokre idear som ein har til ei digital satsing er blant anna: Utvikling av Mooc-er eller Spoc-er, opplæring for undervisarar om digitale verktøy og at studentar får digitale oppgåver dei skal løyse. McNicol orienterte vidare at ein kunne kanskje byrje så smått med slike tiltak til våren 2015, men at tanken er å få det heile i gong frå neste haust. Rud meinte at også andre tiltak der ein fangar opp dei som stryk på eksamen kan vere formålsteneleg. Til dømes kunne ein arrangere kurs i eksamensskriving i innføringssemna. Dette, meinte Rud, burde vere eit lett og samtidig billig tiltak. Kanskje kunne ein gjere dette obligatorisk, og kalle det for øvingseksemna. Kanskje kunne ein nytte eksamenssvaret frå tidlegare studentar som døme på korleis ein bør og ikkje bør skrive ei eksamensoppgåve i historie. Johannessen fortalte at dette hadde ein tidlegare gjort ved instituttet, men at det var mange år sidan no. Då organiserte ein det heile med oppgåver i studentgrupper med felles gjennomgang med undervisar. Johannessen meinte at det også kunne vere fleire studentar som ønskja å vite nokre tips og triks om korleis ein i det heile tatt kan få ståkarakter, utan at det er så farleg om ein får D eller E. McNicol meinte at eit slikt tiltak kunne vere interessant å få i gong, og at ein lytta til det med seg vidare i undervisningsplanlegginga.

23.10.2014

John McNicol
programleder

Miriam Finset Ingvaldsen
programkonsulent